



*Kviteseid kommune*

*Handlingsprogram og budsjett*

*2023*

*ØKONOMIPLAN*

*2024 - 2026*



Foto: Laila Thorsen

# Innhold

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>HANDLINGSPROGRAM 2023</b> .....	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>BUDSJETT 2023 – ØKONOMIPLAN 2023 – 2026</b> .....	<b>5</b>
3.1	BUDSJETTPREMISS .....	5
3.1.1	<i>Måltal</i> .....	5
3.1.2	<i>Det generelle inntektsgrunnlaget</i> .....	6
3.1.3	<i>Konsekvensjustert budsjett</i> .....	6
3.1.4	<i>Investeringsbudsjettet</i> .....	6
3.1.5	<i>Driftsbudsjettet</i> .....	7
<b>4</b>	<b>FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDAR 2023</b> .....	<b>8</b>
4.1	BUDSJETTPREMISS .....	8
4.1.1	<i>Leiarutvikling, opplæring og innovasjon</i> .....	8
4.1.2	<i>Omstilling</i> .....	8
4.1.3	<i>Lærlingar</i> .....	8
4.1.4	<i>Likestilling og mangfald</i> .....	8
4.1.5	<i>Heiltidskultur</i> .....	8
4.1.6	<i>HMS – Internkontroll</i> .....	9
4.1.7	<i>Rekruttere og behalde</i> .....	9
4.2	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	9
<b>5</b>	<b>KOMMUNEDIREKTØRENS STAB</b> .....	<b>10</b>
5.1	BUDSJETTPREMISS .....	10
5.2	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	10
<b>6</b>	<b>FELLESTENESTENE</b> .....	<b>11</b>
6.1	BUDSJETTPREMISS .....	11
6.2	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	11
6.3	BUDSJETTPREMISS .....	12
6.4	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	13
<b>7</b>	<b>HELSE OG OMSORG</b> .....	<b>16</b>
7.1	BUDSJETTPREMISS .....	16
7.2	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	21
<b>8</b>	<b>SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK DRIFT</b> .....	<b>26</b>
8.1	BUDSJETTPREMISS .....	26
8.2	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	27
8.2.1	<i>Samfunnstryggleik og beredskap</i> .....	27
8.2.2	<i>Samfunnsutvikling</i> .....	27
8.2.3	<i>Teknisk drift</i> .....	29
8.2.4	<i>Digitalisering</i> .....	30
8.2.5	<i>Reduksjon av klimaavtrykk</i> .....	31
8.3	BEREKRAFTSMÅL .....	32
<b>9</b>	<b>BARNEVERN</b> .....	<b>34</b>
9.1	BUDSJETTPREMISS .....	34
9.2	HOVUDMÅL OG TILTAK .....	34
<b>10</b>	<b>NAV</b> .....	<b>35</b>

# 1 Innleiing

Hausten har vore prega av hendingar og situasjonar som har oppstått og som me ikkje har tatt høgde for i økonomiplanen.

Det har vore kraftig auke i utgifter til straum. Det har vore auke i pris på varer og tenester, og for kommunen.

Me har hatt fleire enkeltsaker innan helse, skule og barnevern som kostar mykje og som har kome uventa.

Legekontoret har hatt utfordringar. Me har prøvd heile hausten å rekruttera ein lege til, men har ikkje lukkast med det. Vikarlegesituasjonen er ikkje betre då prisnivået ligg på eit nivå som er svært krevjande for oss å fylgja. Med færre legar enn det plana tilseier, er det vore ei utfordring å halda vår del av legevaktordninga.

Me ser at fleire einingar slit med å rekruttera til ledige stillingar. Me kjempar her med andre kommunar, både i Vest-Telemark og andre deler av landet. Løn er ofte bruka som verkemiddel i kampen om hovuda. For Kviteseid er det krevjande å konkurrera i marknaden når løn er eit så sterkt konkurranseverkemiddel som no.

Det er sett av midlar til oppgradering av kommunale vegar. Dette har samanheng med at vedlikehaldsetterslepet er stort, men og nye krav til vegen i samband med større og tyngre lastebilar, samt kapasitet på grøfter og stikkrenner i samband med meir ekstremvær. Det er store utgifter for kommunen å vedlikehalda vegar og det går mye ressursar til dette arbeidet.

Kommunestyret vedtok å taka imot 25 flyktningar frå Ukraina. 5 av disse kom i vår og 19 har kome denne hausten. Det har vore svært positivt å ta imot dei. Me er heldige som har ein flyktningkonsulent som kan snakka språket deira og på den måten har flyktningane gitt uttrykk for tryggleik og god mottaking. Fleire av dei som har kome er i jobb i fleire av kommunen sine einingar. Dei gjer allereie eit godt arbeid. Me tenkjer å ta imot dei siste 4 av vedtaket når me får på plass ein konsulent som kan hjelpa til med registrerings- og administrativt arbeid, samt oppfølging i ulike aktivitetar.

Slik kommunedirektøren ser det er det naudsynt å både auke dei kommunale inntektene, men også redusere utgiftsbehovet. Skal kommunen redusere driftsnivået, må dette gjerast gjennom tiltak som vil gje konsekvensar for innbyggerane i Kviteseid.

Kommunedirektøren gjer ei ny organisering av organisasjonen med verknad frå 01.01.2023. Denne skal bidra til betre drift og meir effektivitet. Organisasjonen må bli betre på samarbeid på tvers, noko som vil få driftsfordelar på sikt og gje ei betre kvalitet i tenestene. Det vil og bli innført "behovsvurdering" av alle stillingar som blir ledige, i 2023, for å få ner tal stillingar. Dette for å sjå om der er behov for erstatning og og for å skyva på oppgåver der me kan det.

*Kviteseid 24. november 2022*

*Laila Thorsen*

*Kommunedirektør*

## 2 Handlingsprogram 2023

Plan- og bygningslova gjev kommunen ei hovudrolle i arbeidet med å utvikle det einsskille lokalsamfunn. Lova slår fast at kommunestyret kvar periode skal vedta ein kommunal planstrategi som skal dra opp viktige strategival for den kommunale planlegginga. Med grunnlag i denne strategien skal kommunen utarbeide ein kommuneplan som femnar både ein plan for arealbruken og ein samfunnsdel med eit handlingsprogram.

Vidare seier lova følgjande: "Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen."

Med ny kommuneplan som legg opp til satsing på folketalsvekst, og spesielt i gruppa unge vaksne, er det naturleg at det budsjettet og økonomiplan også inneheld satsingar som rettar seg mot denne gruppa.

Handlingsprogrammet er i år i eit anna format enn tidlegare. Administrasjonen har i denne handlingsplanen tre hovudfokus:

1. Budsjettpremiss. Som skal synleggjer nettopp kva som er grunnlaget for budsjettet i den enkelte eining. Dette kan vere talet på elevar eller brukarar, men og økonomiske føresetnader som rentenivå, eller pris på elektrisk kraft.
2. Hovudmål og tiltak. Viser satsingsområda, og kva vi ønskjer å oppnå i løpet av året.
3. Bærekraftmål. Skal vise korleis vi som kommune kan ivareta våre oppgåver samstundes som vi og tek vare på verdiane som er pålagt oss gjennom at vi skal følgje FN sine bærekraftmål.

FN sine bærekraftmål er delt i tre dimensjonar

- Klima og miljø
- Økonomi
- Sosiale forhold



Gjennom våre mål og handlingar skal vi forsøke å balansere drifta, slik at vi kan oppfylle alle dimensjonane.

I handlingsprogrammet er dei ulike mål og tiltak knytt opp mot eit eller fleir av dei 17 bærekraftmåla som FN har vald for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringane innan 2030.



### 3 Budsjett 2023 – økonomiplan 2023 – 2026

#### 3.1 Budsjettpremiss

Budsjettet 2023 byggjer på budsjett frå 2022, oppdaterte føresetnader, naudsynte konsekvensar, samt statsbudsjettet for 2023.

I boksen nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort.

- Kostnadsauken frå 2022 til 2023, ofte kalla deflatoren, er berekna til 3,7% (fordelt med 4,2 % som årslønnsvekst og 3,1% som prisvekst).
- Lokalt skatteanslag er i utgangspunktet basera på gjennomsnittlig skatteandel siste 3.år (2019-21). For 2022 er det i tillegg omsyntatt korleis utbytteinntekter fordelar seg mellom kommunane.
- Innbyggartal for kommunen per 01.01.2023 er satt til 2440
- Pensjonskostnaden for medlemmer i KLP er på 22,69% for sjukepleiarar er den berekna til 21,10%. For lærarar i SPK på 7,64%
- Auka avdragsutgifter grunna høgare investerings nivå enn årleg nedbetaling av gjeld
- Eit aukande rentenivå frå 2022

#### 3.1.1 Måltal

Måltal i % av driftsinntekter	Anbefalt nivå	Måltal for Kviteseid kommune	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Netto driftsresultat	1,75%*	1,75 %	-1,69 %	2,33 %	2,00 %	2,68 %
Disposisjonsfond	5% - 10%	5,0 %	1,40 %	2,31 %	2,86 %	4,34 %
Renter og avdrag	2% - 3%	3,0 %	5,62 %	6,15 %	6,52 %	6,56 %

Faktisk lånegjeld aukar som følge av store investering spesielt innan vatn og avløp som er på sjølvkostområdet der kostnadane vert velta over på innbygarane.

Ein vil nå mål om netto driftsresultat i 2024. Disposisjonsfondet vil bli styrka ut i planperioden men vil ikkje nå vedtatt måltalet i 2025.

### 3.1.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Regjeringa foreslår at det kommunale skatteøre for personlege skattytarar for 2023 vert sett ned med 0,2% til 11,15%. Reduksjonen har samanheng med eit makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektsandelen skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene (også eigedomsskatt).

Rammetilskotet går fram av forslag til statsbudsjettet for 2023. Vi nyttar KS sin berekningsmodell for berekning av samla rammetilskot (inkl. skatt) den er tilpassa dei lokale forholda t.d innbyggjartall og endringar i kostnadsnøkkelen p.g.a. demografien som er annleis hos oss enn for gjennomsnitt av kommunane.

Kviteseid sin vekst i frie inntekter er berekna til 5,2% % frå 2022 til 2023 til samanlikning er gjennomsnittet av det kommunale Noreg sin vekst på 1,5 % . Veksten i frie inntekter er lågare enn den berekna kostnadsvekst på 3,5%.

### 3.1.3 Konsekvensjustert budsjett

Budsjettet er utarbeidd på den måten at det fyrst er gjort ein gjennomgang av budsjettet for alle einingane med sikte på å oppdatere tala til det kostnadsnivået som gjeld for 2023. Dette kallar vi konsekvensjustert budsjett og det viser kva det kostar å vidareføre gjeldande driftsnivå. Det er lagt inn reelle tal for ordinære driftskostnader og løn til dei stillingane som einingane disponerer. Det er dermed tal for faktisk lønsvekst som blir lagt inn og ikkje teoretisk berekna tal.

Dei tiltaka som kommunedirektøren prioriterer er lagt inn og kjem fram einingsvis etter tiltaka frå gjeldande økonomiplan. Blant desse tiltaka er det og lagt inn aktive innsparingstiltak og korrigeringar i høve til nokon få men viktige nye tiltak.

Heilt til slutt i budsjettokumentet kjem det fram tiltak som er lyfta fram, men som ikkje er teke inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Handlingsprogrammet er omarbeida etter vedtak i kommunestyre, det er kommunestyre sitt vedtak som kjem fram av prioriteringane i handlingsprogrammet.

### 3.1.4 Investeringsbudsjettet

Det er samla 2023-2026 ein investeringsplan på kr 112 ,3 mill. Av desse er kr 49,5 mil investeringar til vatn og avlaup.

Investeringsbudsjettet for 2023 er finansiert med både låneopptak, sal av tomter, overføring frå drift, bruk av fond og momskompensasjon på investeringar.

#### 3.1.4.1 Investeringar 2023 og økonomiplanen 2024 - 2026

**Opprusting av kommunale vegar** – kr 2,5 mill. til dette prosjektet i 2023 og framover i planperioden kvart år.

**Oppgradering Kviteseid barnehage og Kviteseid skule 1-4 kl** – kr 32 mill. i 2024

**Brunkeberg oppvekstsenter, barnehagen** – kr 10,5 mill. i 2025

**Fiber (Reinseanlegg, KOS og helsesenteret)** – kr 0,25 mill. i 2023

**Utviding gjeste brygga i Kviteseid** – Kr 0,65 mill. i 2023

**IKT infrastruktur** – kr 0,5 mill. i 2023 og kr 0,5 mill. kvart år framover i planperioden

**Ombygging personalrom Lundenjordet** – kr 1,5 mill. i 2023.

**Tilrettelegging nye bustadområde** – kr 1 mill. i 2023, kr 2 mill. i 2024

**Tilrettelegging industriområde** – kr 1 mill. i 2023

**Ombygging domstolar - Kommunehuset** – kr 7 mill. i 2023

**Plenklippar (Robot)** – kr 0,150 mill. i 2023

**Energisparingstiltak/rehabilitering kommunale utleigeboligar** – kr 1 mill. i 2023 og kr 1 mill. kvart år framover i planperioden

**Traktor teknisk drift** - kr 1 mill. i 2026

**Saneringsplan Vrådal** – kr 2,5 mill. i 2022 og kr 2,5 mill. kvart år fram i planperioden.

**Saneringsplan Vrådal, utviding private anlegg** –kr 7.mill i 2023, kr 3.mill.kvart år fram i planperioden.

**Saneringsplan Kviteseid** – kr 15 mill. i 2023 og kr 2,75 mill. kvart år fram i planperioden.

**Investeringar Kviteseid sokn** – kr 1 mill. i 2022, kr 0,5 mill. i 2024.

### 3.1.5 Driftsbudsjettet

#### Hovudtal

Budsjett for 2022 hadde ei netto ramme til bruk i drift på kr 186,7 mill (2.revisjon). Det budsjettet som nå blir lagt fram for 2023 har ei netto driftsramme på 197,8 mill.

Forventa netto driftsresultat for 2023 er på kr 5,054 mill. ,- I prosent av brutto driftsinntekter blir det -1,69 %. I planperioden er det prognostisert driftsresultat frå 2024 til 2026 mellom 2,33% til 2,68%.

Kommunestyre har vedtatt at Kviteseid kommune bør minst ha 1,75% netto driftsresultat som også er KS sitt anbefalte nivå.

#### Utfordringar for budsjettarbeidet

Kviteseid har eit for stort driftsnivå i høve til inntektene. Forventa nullvekst eller nedgang i innbyggartall og forverring i demografien fører til at Kviteseid ikkje kan forvente ei betring på inntektssida (rammetilskot).

For å balansere drifta i det framlagte budsjettet er det vedtatt bruk av disposisjonsfond med til saman kr 4,068 mill. i 2023.

Det er framleis lite rom for større vedlikehaldsoppgåver på bygg, men ein prøver å bruke tilgjengeleg ressursar på best mogleg måte.

#### Finansiering av investeringane

Investeringane er i hovudsak finansiert etter følgjande prioritering:

- Inntekter som følgjer investeringane (Mva komp, salsinntekter.)
- Låneopptak.
- Overføring frå drift (bare til finansiering av KLP eigenkapitaltilskot)

#### Brukarbetalingar

Husleiga aukar stort sett med konsumprisindeksen. Andre endringar følgjer bare prisstigning og endringar av lovbestemte satsar. Når det gjeld vatn, avløp, feiing og renovasjon gjeld prinsippa om full brukarfinansiering. Gebyrsatsar for sjølvkostområde viser ein oppgang for normalhushald knytt til vatn og avløp, slamgebyr og renovasjon. Feiing vert redusert frå 2022.

## Utvikling i økonomiplanperioden

I planperioden (2024-26) budsjetterast det med ein årlig realvekst i kommuneopplegget på 2,0 mrd. kr eller 0,5 % (dvs. noko utover demografikostnadane i makro), forutsett lik den relative veksten på skatt og rammeoverføringar. Frå 2024 vert det og lagt opp til at den kommunale delen av grunnrenteskatten skal komme i tillegg til den ordinære veksten i frie inntekter.

## 4 Fokusområde medarbeidar 2023

### 4.1 Budsjettpremiss

#### 4.1.1 Leiarutvikling, opplæring og innovasjon

##### **Leiarutvikling og opplæring**

Det er starta opp med faste samlingar for einingsleiarane og kommunedirektørens leiargruppe. I oppstartsfasen har me kartlagd behova til leiarane kring kva dei ynskjer å utvikla seg på, i rolla som leiar. Mykje av emna som kom fram skal me klare å handtere sjølv, utan kostnadar. Nokre av områda krev noko midlar, mellom anna kring kommunikasjon og mediehandtering. Utviklingsarbeidet saman med leiarane skal stimulere til ein utviklingsorientert kultur med innovasjon og meistring som drivkraft. Kommunedirektøren har innført månadlege statusamtalar med leiargruppa. Disse er økonomisjef, personalsjef og kommunalsjefane på teknisk og inntil vidare helse- og omsorg. Samtalane skal vere kring drift, status og framdrift.

##### **Innovasjon**

Framtida krev at me heile tida utviklar oss som enkeltmenneske og organisasjon. Med blikk for å fornye og forbetre. Det kan vera produkt, tenester, nye metodar og organiseringsprosessar. Me vil implementere Lean som metode på sikt. Der målet er at alle tilsette er saman om å tenkje "litt betre kvar dag" sett i eit system.

#### 4.1.2 Omstilling

Kommunen ønskjer å ha sterkare fokus på organisasjonsstruktur og organisasjonskultur for å kunne møte framtidige utfordringar. Evne og kraft til omstilling både på individ- og systemnivå må styrkast for å oppnå ønskt effekt.

#### 4.1.3 Lærlingar

Kommunen har politisk vedtak om to-tre lærlingar kvart år og har som ambisjon å tilby ei målretta lærlingordning som medverkar til at lærlingar får fullført utdanning og tek fagbrev. Me må i løpet av året vurdere om me har moglegheit til å auka tal lærlingar i 2024. Lærlingordning er ei god måte å rekruttera på, no som kan sikra oss meir kvalifisert arbeidskraft i framtida.

#### 4.1.4 Likestilling og mangfald

Kviteseid kommune skal føre ein arbeidsgjevarpolitikk som fremjar moglegheit for arbeid, lønn og utvikling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

#### 4.1.5 Heiltidskultur

Den viktigaste innsatsen for å oppnå heiltidskultur handlar om å skape ein berekraftig sektor og sikre innbyggjarane kvalitet, betre miljø og tilstrekkeleg kompetanse i tenestene. Å organisere kommunal sektor med tilsette i heile stillingar vil krevje ei grunnleggjande organisasjonsendring når det gjeld arbeidstidsordningar og haldningar.



#### 4.1.6 HMS – Internkontroll

Eit av måla er å auke kompetanse og fokus i organisasjonen på helsefremjande leing og utvikling av helsefremjande arbeidsplassar.





#### 4.1.7 Rekruttere og behalde


Det blir stadig større utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til kommunen. Kommune Norge kjempar om dei same hendene i tillegg til at privat sektor og treng arbeidskraft.

#### Tiltak:

- Tilby lærlingar fast tilsetting etter godkjent fagbrev.
- Setje av midlar til vidareutdanning av fast tilsette innan kompetanseområde det er behov for, med bindingstid på 2 år.
- Setje av midlar til å gje høgare løn enn i dag, for å auke moglegheit for å behalde og rekruttere kvalifisert personell.
- Seniorperspektiv - årlege samtalar med med dei som har passert 60 år, med fokus på å stå i arbeid. Tett oppfølging når det gjeld uttak av fridagar. Sikra at oppseiing for pensjonsalder kjem 6 månadar før avgang. Dette for å kunne førebu eventuell ny rekruttering og få til kompetanseoverføring der dette er naudsynt.

#### 4.2 Hovudmål og tiltak

Mål	Tiltak	Resultatindikator	Berekriftsmål
<b>PERSONAL</b>			
<b>Personal - tryggleik og godt arbeidsmiljø</b>  - Auka oppleving av tett og god dialog mellom leiar og tilsette  - Auka moglegheit for å rekruttere og tilsette søkjarar med rett kompetanse - Behalde kompetanse og kvalifiserte tilsette  - Auka oppdatering og bruk av prosedyrar, skjema m.m. i Compilo	- Låg terskel for å kontakte næraste leiar - God kommunikasjon - Sikre min. 2 personalmøte pr år - Gjennomføre årlege medarbeidarsamtalar  - Auke lønsbudsjettet for å vera med i konkurransen med andre kommunar om kvalifisert arbeidskraft  - Avsette tid til oppdatering/innlegging - Fokus på opplæring	- Medarbeidarundersøking - Færre små eller større personalsaker - Auka mestringskjensle - Lågare sjukefråvær  - Auka rekruttering og tilsetting av kvalifisert arbeidskraft - Auka oppleving av å bli sett pris på av arbeidsgjevar - Kvalifiserte tilsette blir verande i kommunen  - Enklare å finne viktig informasjon og skjema for leiarar og for tilsette - Forbetring i arbeidskvardagen	      
<b>HMS</b>			
- Sikre at nye verneombod og leiarar gjennomfører grunnkurs i HMS	- Informere om viktighet av HMS-kurset	Auka tryggleik for fysiske og psykiske tilhøve med på arbeidsplassen	

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikre gjennomføring av vernerundar</li> <li>- Auka nærvær</li> <li>- Følgje opp årleg samarbeidsplan med BHT</li> <li>- Auka bruk og oppfølging av HMS-avvik i Compilo</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- årlege vernerundar inn i HMS-årshjul</li> <li>- Naudsynt opplæring for å førebyggje sjukefråvær</li> <li>- God to-vegs dialog for å førebygge fråvær</li> <li>- Tett og trygg fråværsoppfølging</li> <li>- Gjennomføre pålagte helseundersøkingar m.m. jf. lov- og forskrifter</li> <li>- Fokus på opplæring</li> </ul>	<p>Redusert totalt sjukefråvær</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forbetring i arbeidsutføring</li> <li>- Lukking av HMS-avvik i Compilo innan frist</li> </ul>	
--	--	---	---

## Kommunedirektørens stab

### 5.1 Budsjettpremiss

Ny organisering resulterer i eigen stab rett under kommunedirektøren. Kommunedirektøren blir nærmaste leiar. For å få meir effektiv drift og betre oversikt for kommunedirektøren blir disse organisert i denne stab:


- 9 årsverk, fordelt på kommunedirektør, spesialrådgjevar, seniorrådgjevar, Nærings- og kultursjef, 2 landbruksrådgjevarar, bibliotekar, barnevernsleiar og flyktningkonsulent.

Disse blir invitert til månadlege statusamtalar og til å vere med på vekentlege leiarmøte. Dette for å fortelje om kva dei jobbar med. På denne måten vil alle i leiargruppa ha kjennskap til kva som rører seg.

Kommunedirektøren har innført månadlege leiarmøte med einingsleiarane og leiargruppa. Målsetninga er å bli betre kjent, styrka laget og driva kontinuerleg utvikling av leiarane. Me har hatt workshop der leiarane har kome med kva dei ynskjer å utvikla seg på i rolla som leiar.

### 5.2 Hovudmål og tiltak

Mål	Tiltak	Resultatindikator	Berekraftsmål
-----	--------	-------------------	---------------

Sjå den enkelte og fylgje dei opp	Månadlege statusamtalar	Må lagast med den einskilde (start januar 2023)	
Ha kjennskap til kvarandre sine oppgåver	Delta på leiarmøte ein gong kvar måned	Meir kunnskap om dei ulike fagområda (må målast januar og desember, årleg)	
Bygga laget	Møter anna kvar måned der oppgåva er samarbeid, korleis hjelpe kvarandre	Meir samarbeid fagområda mellom (målast januar og desember)	
Alle skal føla seg viktige og ivaretekne	Evaluering av dei ulike aktiviteter	Når alle meiner me er der, då har me lukkast	


## 6 Fellestenestene


### 6.1 Budsjettpremiss

Få tilsette må løyse mange av dei same oppgåvene som i ein stor organisasjon. Gode system og effektiv drift er naudsynt for å klare dette.

- 3 årsverk, fordelt på økonomisjef, arkivleiar og konsulent.
- Felles løn og rekneskapskontor med Nissedal kommune.
- Kontinuerleg fokus på økonomistyring og oppgradering av IKT-systema.

### 6.2 Hovudmål og tiltak

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt mål	Berekraftsmål
<b>Økonomi</b>			
Få leverandører til å sende faktura elektronisk (EHF)	Kontakte leverandørar	90% av alle fakturaer skal vere EHF	
Prekontering av fakturaer frå faste leverandørar	Identifisere rett leverandør som er hensiktsmessig å prekontere	1. nye fakturaer frå faste leverandørar skal prekonterast.	
Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane	Opplæring av nye leiarar, kontinuerleg oppfølging av økonomirapportering.	Alle skal kunne forklare rekneskapet sitt og kunne rapportere på månadsrapportane.	
Innføring av ERP-Kommune – Evry løysing for 100% web basert ERP løysing	Fellesprosjekt med alle Kommune i Vest - Telemark	Planlagt implementert i løpet av 2023/2024	

<i>Automatiserer faste arbeidsoppgåver mellom bank og økonomisystem</i>	<i>Legge til rette for automatisk filoverføring</i>	<i>Alle filer skal gå automatisk mellom bank og rekneskapssystem</i>	
<b>Sak og Arkivsystem</b>			
<i>Sak og arkivsystem Elements over på sky løysing</i>	<i>Felles prosjekt med Tokk og Vinje</i>	<i>Planlagt implementert i løpet av 2023/2024</i>	
<i>Opplæring av sakshandsamarar i sak og arkivsystemet Elements</i>	<i>Lage gode brukarmanualar. Tilpassa opplæring for den enkelte sakshandsamar.</i>	<i>Alle sakshandsamarar skal kunne sak og arkivsystemet.</i>	

1 Skule og barnehage

### 6.3 Budsjettpremiss

#### Skule

- Elevtal Kviteseid skule: 214
- Elevtal Brunkeberg oppvekstsenter: 15
- Tal på vedtak om spesialundervisning per 01.10.22 (Kviteseid skule): 29
- Årsverk til spesialundervisning lærar per 01.10.22 Kviteseid skule: 10,6
- Tal på vedtak om spesialundervisning per 01.10.22 (Brunkeberg oppvekstsenter): 0
- Årsverk til spesialundervisning lærar per 01.10.22 Brunkeberg oppvekstsenter: 0
- Inntekt for fosterheimplasserte elevar: 1,7 mill.
- Tal på vedtak om særskilt språkopplæring per 01.10.21 (Kviteseid skule): 15
- Elevtal på SFO Kviteseid skule: 46
- Elevtal på SFO Brunkeberg oppvekstsenter: 15
- Reduksjon i skule: 707.000,-
- Endring SFO: 190.000,- (gratis kjernetid for 1. klasse)

#### Barnehage

*Tal på plassar:*

- Straumsnes barnehage: 24
- Brunkeberg oppvekstsenter: 56
- Kviteseid barnehage: 59




Rehabilitering av Kviteseid barnehage 2024.

Oppgradering av Brunkeberg barnehage 2025.

#### Kulturskule

- Elevtal: 78
- Elevplassar: 95 (kontingent)
- Tilbod i SFO og barnehage (gratistilbod jf. rammeplan for kulturskulen og rammeplan SFO )
- Tilbod på "open hall" for ungdom (gratistilbod) i samarbeid med friviljugsentralen og frivilligheita

## 6.4 Hovudmål og tiltak

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt mål	Berekriftsmål
<b>SKULE</b>			
<b>Trygt og godt miljø</b> - Felles klasseleing - Auka oppleving av elevmedverknad - Fremje eit trygt og godt skulemiljø - Sikre at praksisen i «God skole» blir implementert i organisasjonen	Implementere bruk av standardar og elevsamtaler etter modell frå «God skole» på alle trinn.	-Elevundersøkinga -Få og mindre omfattande saker knytt til trygt og godt skulemiljø (§ 9A saker) -Lågt sjukefråvær	
<b>Fagfornyninga</b> - Auka djupnelæring og tverrfagleg læring for elevane - Auka profesjonsfagleg samarbeid i lærarkollegiet	-Implementere tverrfaglege tema i alle fag  <i>Brunkeberg oppvekstsenter:</i> Arbeid med prosjektet "Markens grøde".	-Elevundersøkinga -Eksamen -Synleg i årsplanar -Lågt fråfall i vidaregåande skule	
<b>Fagfornyninga</b> -Auka kreativ bruk av digitale verktøy for å fremje læring  -Elevsentrert undervisning	-Gjennomføre «modenhetsanalyse» i samarbeid med ATEA -Utarbeide tiltaksplan for digital praksis	<i>Langsiktig effekt mål:</i> Elevane jobbar sjølvstendig med eigen læring og tek gode digitale val med omsyn til verktøy og kjelder.	
<b>Spesialundervisning</b>	-Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag knytt til bruken av spesialundervisning i dag med hensikt å redusere denne framover.	-Færre elevar har behov for spesialundervisning -Høg kvalitet i sakhandsaminga knytt til spesialundervisning	
<b>SFO</b> Eit meir allsidig og variert SFO-tilbod	-Implementere rammeplanen -Bruke årsplanen aktivt i kvardagen -Planleggingsdagar for SFO-personalet -Samarbeid med kulturskulen	Auka rekruttering til SFO	
Effektiv og sikrare flyt i behandling av personsensitive dokument	Ta i bruk fagsystemet Visma sikker sak og arkiv.	-Mindre papir -Styrt tilgang etter behov (GDPR)	
<b>BARNEHAGE</b>			
Sikre eit trygt og inkluderande barnehagemiljø for alle	-Delta på styrarsamlingar felles i Vest – Telemark. -Arbeid i personalet med kompetansepakker frå utdanningsdirektoratet - Alle barnehagane deltek i Liv og røre prosjektet.	-Foreldreundersøkinga -Få og mindre omfattande saker knytt til trygt og godt barnehagemiljø	

	Som vert drive av fylkeskommunen. Målet med dette er å skape innkuldering gjennom sunn mat og bevegelsesglede.	
Stimulere alle barn si språkutvikling og avdekke barn som treng ekstra støtte	-Nytte kartleggingsverktøy for å avdekke barn som treng støtte -Lesegrupper -Skape eit variert språkmiljø for alle aldersgrupper	Barn i alle aldre viser interesse for bøkar, språk og lesing
-Effektiv kommunikasjon mellom heim og barnehage -Gje foreldre betre innsikt i kvardagen i barnehagen	Vidareutvikle bruk av Visma app til kommunikasjon med foreldre	Foreldreundersøkinga
<b>KULTURSKULEN</b>		
Alle som ynsker det skal få eit tilbod i kulturskulen	Gjere tilboda meir kjent gjennom rekrutteringstiltak	Måle dekningsgraden i ulike aldersgrupper. Vekt på grunnskulealder som bør ligge på om lag 30%
Bidra til eit godt ungdomsmiljø gjennom samarbeid med frivilligheit og andre aktørar	“Open hall”  Samkøyre ulike kultur-, idretts- og andre tilbod på ein lågterskel møtestad.  Kulturskulen bidreg med opent bandrom, danserom og studio med ein lærar tilstade.	Måle dekningsgraden i oppmøte på “Open hall” i heilskap i målgruppa ungdom 13 –19 år.  Ungdata-undersøkinga (2023)
Utvikle tilbod som når alle barn, i samsvar med rammeplanen for kulturskulen og rammeplanen for SFO	Tilbod frå kulturskulen i SFO og barnehage kvar veke.	Auka rekruttering til kulturskulen.
<b>OPPVEKST</b>		
-Tidleg identifikasjon av utsette barn -Rett hjelp til rett tid	-Implementere samhandlingsmodellen og handlingsrettleiaren frå «Betre saman» i organisasjonen	-BTI-undersøkinga -Ungdata-undersøkinga



<ul style="list-style-type: none"> <li>-Bidra til å gje barn og unge i Kviteseid eit inkluderande fritidstilbod</li> <li>-Hindre utanforskap</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Opprette stilling som SLT-koordinator</li> <li>-Opprette stilling som miljøarbeider for ungdom i samband med friviljugsentralen</li> <li>-Delta i partnerskap for inkludering og ung deltaking</li> <li>-Arrangere «sommarskule» under føresetnad av tilskot</li> </ul>	<p>Ungdata-undersøkinga</p>	
<p>Leiarar på sektoren med oppdatert og høg fagkunnskap</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Formell leiarutdanning (rektorutdanning, styrarutdanning og liknande.)</li> <li>- Felles samlingar på sektoren</li> <li>-Faste leiarmøte med kommunalsjef i skule og i barnehage</li> </ul>	<p>-Medarbeidarsamtaler</p>	

## 7 Helse og omsorg

### 7.1 Budsjettpremiss

#### Administrasjon helse og omsorg

- Kommunalsjef for velferdsområdet 1 årsverk, ny organisering frå 01.01.2023

#### Tenestekontor og koordinerande eining:

God samhandling for å sikre rett tiltak/teneste til rett tid. Sikre likebehandling, rettstryggleik og profesjonell sakshandsaming for den einskilde søker av helse- og omsorgstenester.

- 2,60 årsverk med sjukepleie- og vernepleiefagleg kompetanse med tilleggsutdanning i helserett på tenestekontoret og koordinerande eining

#### Kjøken og vaskeri:

Tilby variert mat av høg kvalitet tilpassa brukarane.

- P.d.d. så er det 3,50 årsverk, justert i samband med færre plassar på KOS
- Driftar eige vaskeri 0,70 årsverk, sekretær, 0.10 årsverk
- Leverer om lag 70 middagar kvar veke til Lundenjordet og "eldre hjelper eldre". Har og cateringverksemd

#### Eining for funksjonshemma:

Gjeva brukarane eit heilskapleg og individuelt tilrettelagd tenestetilbod.

- Årsverk: 26,56 totalt
- 14 bustader og 1 avlastningsbustad på Lundenjordet, samt tenester inn mot heimebuande utanom Lundenjordet. 22,67 årsverk inkludert leining og fagarbeid og 0,1 årsverk merkantil.
- Krodikk dagsenter. 1,89 årsverk
- Personale inn i bhg/skule til born med særskilde behov; i overkant av 2 årsverk. I ny strategisk helse og omsorgsplan peikar me på at me må sjå på organisering og struktur i tenesta i kommunen knytt opp mot born med særskilde behov. Frå mars/april 2023 blir ressurs og ansvar flytt til skule og barnehage, der vedtaka blir gjort.
- Einingsleiar er ansvarleg for alle støttekontaktar/avlasterar i kommunen uansett helseområde dei høyrer til. Fleire i kommunen som har vedtak på privat avlastning
- Omsorgsstønad
- VTA (varig tilrettelagt arbeid) Kommunen har både fullfinansierte plassar samt del av statlege plassar som ligg økonomisk på denne eininga
- Avlastningsbustad er ikkje tatt i bruk, den dagen det kjem søknad om bruk av denne vil det bli auka behov for personale.
- Førebyggjande vernepleiarressurs (50 %) er ikkje tatt inn i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett. I ei tid der det berre blir vanskelegare å få tak i fagutdanna arbeidskraft treng ein at vernepleiarressursen me har blir brukt rett. I den nasjonale veilederen "Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming" blir det sett fokus på kva som er viktig for den einskilde. Struktur, samarbeid og det at tilsette jobbar likt er viktig for personar med utviklingshemming. For å få til dette så er det særskilt viktig at vernepleiarane får tid til å arbeide med den skriftlege delen av faget sitt, slik at ein får lagt til rette for dette.

#### Heimetenesta:

Gjeva brukarane eit heilskapleg og individuelt tilrettelagd tenestetilbod.

- Totalt 21,41 årsverk og om lag 125 brukarar. Nokre brukarar har ei teneste, medan andre har fleire tenester
- Heimehjelp/praktisk bistand: 2,6 årsverk og om lag 70 brukarar
- Midtsundtoppen dagsenter: 2 årsverk og om lag 25 brukarar



- Heimesjukepleia: 15,16 årsverk og om lag 100 brukarar. Det blir lagt dosett for om lag 80 brukarar og om lag 60 brukarar har tryggleiksalarm
- Merkantil: 0,25 årsverk
- Servicemedarbeidar for hjelpemiddel: 0,4 årsverk
- Omsorgsstønad

Frå 01.01.23 aukar heimetenesta med 2 årsverk til totalt 23,41 årsverk. I tråd med strategisk helse- og omsorgsplan vert desse årsverka nytta til å styrke arbeidet med førebygging og tidleg innsats, slik at flest mogleg kan oppleve meistring i eige liv og bu heime så lenge som råd.

Førebyggjande heimebesøk til eldre er eit tiltak som kan medverke til å oppfylle kommunens ansvar for det førebyggjande helse- og omsorgsarbeidet retta mot eldre. Eit heimebesøk er i hovudsak er eit tilbod om råd og rettleiing til eldre som ikkje mottek tenester frå kommunen frå før. Heimebesøket vil ha fokus på helserådgjeving og førebygging av sjukdom og skader, men kan og vera med på å avdekke funksjonssvikt og hjelpebehov. Det er og ein arena for dei eldre til å få informasjon om ulike tilbod som finnast innan helse, kultur, idrett og friviljugheit, og spørsmålet "Kva er viktig for deg?" vil vera sentralt.

"Pakkeforløp heim" er eit nytt nasjonalt pakkeforløp for alle pasientar som får ei kreftdiagnose, uansett alder. Pakkeforløpet skal medverke til å sikre god struktur og logistikk i helsetenesta, samt sikre tryggleik og føreseielegheit. Alle som får ei kreftdiagnose skal få tilbod om strukturerte kartleggingssamtaler. Fyrste samtale vil skje på sjukehuset, medan dei påfølgjande samtalene skjer i heimen i regi av kommunen. Dette vil føre til at kontaktsjukepleiarane for kreftpasientar i heimetenesta vil få fleire pasientar å fylgje opp.

Kompetanseheving og forbetningsarbeid er alltid i fokus i heimetenesta, og vil også vera eit stort fokus i 2023. Kviteseid kommune er saman med 29 andre kommunar i Norge invitert med i forskningsprosjektet PRACTIC i samarbeid med Sykehuset Innlandet og Forskningscenteret for aldersrelatert funksjonssvikt og sykdom (AFS). Prosjektet skal finne ut korleis helse- og omsorgstenesta kan førebyggje og finne gode måtar å møte kriser på hjå skrøpelege heimebuande eldre. Oppstart for Kviteseid er oktober 2023.

### **Kviteseid omsorgssenter:**

Bebuarane skal få tenester som tek omsyn til den einskilde sin rett til sjølvbestemming, eigenverd og livsførsel, og sikre at medisinske behov vert ivaretekne.

- 31,75 årsverk frå og med 1.1.2023: 1 årsverk som einingsleiar, 1 årsverk som fagutviklingssjukepleiar (inkludert helgestilling i turnus) og 0,25 årsverk som sekretær
- Framleis pandemiberedskap, og totalt 29 pasientrom i 2023
- Avdeling A (skjerma avdeling): 8 plassar
- Avdeling B: 11 langtids plassar
- Avdeling D: 1 øyeblikkeleg hjelp plass, 4 korttids plassar, 5 langtids plassar

### Personell:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
Natt	2	2	2	2	2	2	2
Dag	10	10	10	10	10	7	7
Kveld	7	7	7	7	7	7	7

### **Bemanningsnorm:**

2022: 34 pasientar og 31.75 årsverk i pleie, gradvis nedtrapping som følgje av vedtak frå 01.01.2023 utover seinhausten.

Pleiefaktor: 0.93

Frå 1.1.2023: 29 pasientar og 28.75 årsverk i pleie

Pleiefaktor: 0.99

Bemanningsnormen aukar, men pleietyngda aukar også. Færre pasientplassar – auka pleiebehov for dei som då får plass.

### **IPLOS: (individbasert helse- og omsorgsstatistikk)**

Lovbestemt helseregister med anonyme data som omtalar ressursar og hjelpebehov til dei som søker om eller mottek helse- og omsorgstenester.

Føremålet:

-Gjeva grunnlag for overvaking, kvalitetssikring, planlegging, utvikling og overordna styring av helse- og omsorgstenestene og helse- og omsorgsforvaltninga

-Gjeva grunnlag for forskning

Opplysningane vert bruka som ein del av utarbeiding av nasjonal, regional og lokal pleie- og omsorgsstatistikk.

Skårinndeling frå 1-5

1: Utgjer ingen problem/utfordring

5: Fullt behov for bistand/assistanse/helsehjelp

IPLOS på KOS pr 25.8.2022:

27 pasientar - skåre: 4.5

2 pasientar - skåre: 3

### **Språkferdigheiter jfr framandspråkleg tilsette på KOS**

KOS har utanlandsk personell frå:

Nederland, Frankrike, Portugal, Makedonia, Syria, Thailand, Filippinene og Canada

KOS har eit sterkt ynskje om at Kviteseid kommune kan laga eit opplegg med norsk språkopplæring.

Me viser til forskrift om autorisasjon, der det er ulike språkkrav til helsepersonell som kjem innanfrå EØS og utanfor EØS.

### **Helsesenteret**

Helsetenestene som blir gjeve skal vera verknadsfulle, tilgjengelege og trygge.

Me skal organisere tenestene våre slik at den einskilde sin unike kompetanse, erfaring, verdiar og samarbeidsrelasjonar bidreg til innovasjon og nytenking i tenestene. Gjennom medverknad skal innbyggjaren få rett teneste til rett tid og i rett mengd.

### **Legekontor**

Kviteseid legekontor har ope 5 dagar i veka, med legevaktsamarbeid med Seljord kommune på kveld og helg. Det er eit samarbeid med Notodden interkommunale legevakt på natt. Saman med legane arbeider det anna helsepersonell som sjukepleiarar og ein helsesekretærar.

Årsverk ved legekontoret	2022	2023
Kommuneoverlege	0,0	0,0
Tilsynslege, helsetasjon og KOS	0,4	0,4
Fastlegefunksjon	1,5	1,5
LIS-1	1,0	1,0
Veiledning LIS-1	0,1	0,1

Sum legeårsverk i Kviteseid	3,0	3,0
Hjelpepersonell	3,05	3,03
Einingsleiar helse	0,125	0,125
<b>Totalt Årsverk i Kviteseid</b>	<b>6,175</b>	<b>6,175</b>
Kjøp kommuneoverlege Seljord	0,3	0,3
<b>Totalt årsverk</b>	<b>6,475</b>	<b>6,475</b>

Legekontoret har i dag to legeheimlar. Ein tilsett lege er ute i LIS1 teneste og startar i sin faste stilling 01.09.2023. Fast tilsett lege i arbeid p.t. skal ut i permisjon frå 01.03.23 for å fullføre sin spesialisering i allmenmedisin. 2022 har vore krevjande og det har tidvis berre vore ein lege på arbeid legekantoret.

Det er forskriftsfesta at fastlegar må vera spesialistar i allmenmedisin eller vera i program for å bli spesialist for å kunne tilsettast i fast stilling som fastlege. Kompetansforskrifta gjev høve til unntak for mellombels tilsetting, noko som for Kviteseid kommune har ført til at det har vore mogeleg å oppretthalde drift trass store utfordringar med rekruttering. For å sikre forsvarleg drift og kontinuitet i tenesta er det avgjerande at me klarar å rekruttere legar inn i faste stillingar. For å sikre kompetanseutvikling og fylgje dei nasjonale krava for å oppretthalde legar sin spesialisering er det særst utfordrande og drifte med berre to heimlar. Bruk av vikar for å dekke frávær på legar er økonomisk belastande for kommunen og gir lite kontinuitet i pasientoppfølging. Ei berekraftig drift av legekantoret krev 3 heimlar.

### Psykisk helse og rusteneste

Psykisk helse og rustenesta har 4,7 årsverk. 1,0 årsverk er knytt til arbeid med barn og unge. Kompetanseløft 2025 HDIR legg til grunn at kommunane tenkjer langsiktig og systematisk, med fokus på å behalde, rekruttere og utvikle kompetansen hjå dei tilsette. Det er vidare fokus på brukarmedverknad, tenesteutvikling og tverrfagleg samarbeid. Det er venta ein auke i etterspurnaden etter psykisk helsehjelp, og fleire med alvorlege lidningar.

Årsverk psykisk helse og rusteneste	2022	2023
Barn/unge	1,0	1,0
Individuell oppfølging vaksen	1,7	1,7
Gruppebasert tilbod/lågterskel	1,2	1,2
Ruskonsulent	0,3	0,3
Fagleiar	0,5	0,5
Einingsleiar helse	0,125	0,125
<b>Totalt årsverk for Kviteseid</b>	<b>4,825</b>	<b>4,825</b>
Rask Psykisk Helsehjelp (RPH)		0,52
<b>Totalt årsverk</b>	<b>4,825</b>	<b>5,345</b>

Me søkte i 2021 om prosjektmidlar for å styrke og kvalitetssikre tilbodet i tenestene våre. For å klare å koma kravet til innsparinga som ble lagt til vår teneste i møte, måtte me i 2022 omdisponere prosjektmidlar. Fagleiar psykisk helse og rus 50 % stilling blei sett i vakanse, noko som begrensa handlingsrommet me hadde til forbetningsarbeid. Me såg ikkje annan måte å gjera dette på for å unngå at innsparinga gjekk direkte utover oppfølging av brukarane våre.

Det må utgreiast korleis me organiserer tilbodet knytt til ressurskrevjande tenester. Kommunen kjøper tiltak hjå privat leverandørar. Det er behov for eit døgnbemanna tilbod i kommunen, eventuelt i samarbeid med andre kommunar. Me har i Kviteseid kommune fleire brukarar av tenesta som truleg vil ha trong for slik type oppfølging i nær framtid, og utgifter til private aktørar vil kunne auke vesentleg. Her må me planlegge langsiktig og syte for løysingar som er økonomisk berekraftige og fagleg gode nok.

Rask psykisk helsehjelp er et kommunalt behandlingstilbod for personar over 16 år som søker hjelp for depresjon, angst, søvnproblem og/eller begynnande rusmiddelproblem. RPH blir organisert som eit interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark. Seljord kommune blir vertskommune for samarbeidet og får ansvar for lokalisering av tenesta. Det er lagt inn tiltak i kommunedirektørens budsjett til finansiering av 0,52 ressurs til dette. Tilsett som skal inn i denne funksjonen følger et opplæringsprogram over to semester. Vidareutdanninga gir fagleg kompetanse i kognitiv terapi ved lågterskeltilbodet Rask psykisk helsehjelp og denne finansierast ved en ordning for etablering- og implementerings støtte frå NAPHA.

Det ble spilt inn eit tiltak om auke med eit årsverk inn i psykisk helse og rus til førebyggjande arbeid med barn/unge og fagleiar for tenesta. Denne ble ikkje prioritera i denne budsjettversjonen.

### **Fysio- og ergoterapitenesta**

Mye av ergoterapeutens ressursar går til hjelpemiddelformidling. Det har også vært fokus på å sette av tid til å følge opp pasientar med behov for habilitering/rehabilitering. Ein auka av ergoterapeut si ressurs ville kunne bidra til meir førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Eit slik tiltak vil på sikt kunne gje ei økonomisk innsparing for kommunen. Ergoterapeut og fysioterapeut samarbeider i kartlegging og oppfølging der dette er hensiktsmessig. Tenesta er også med i meistringsteamet og i prosjektet «gode pasientforløp» og «Liv og røre». Det er regelmessige møter og godt samarbeid mellom privat og kommunale fysioterapeutar/ergoterapeut.

Årsverk i fysio- og ergoterapitenesta	2022	2023
Fysioterapeut med driftstilskot	1,0	1,0
Kommunal fysioterapeut vaksne	0,8	0,8
Kommunal fysioterapeut barn/unge	0,4	0,4
Ergoterapi	0,1	0,1
Ergoterapeut hjelpemiddelformidling	0,5	0,5
Einingsleiar helse	0,125	0,125
<b>Totalt årsverk for Kviteseid</b>	<b>1,925</b>	<b>1,925</b>


### **Helsestasjon og skulehelsetenesta**

Tenesta består av 1,6 årsverk helsesjukepleiarar. Dette er ei teneste som skal ivareta fleire lovpålagte oppgåver, fordelt på lite ressursar. I 2022 har det framleis vert omtrentleg 0,2 årsverk som er blitt nytta inn mot koronarelatera arbeid. Folkehelsekoordinatorfunksjon ligg til helsesjukepleiar med fagleiarfunksjon. Tydelege nasjonale føringar (t.d. oppvekstreforma) inneber at det førebyggjande og tverrsektorielle samarbeidet må styrkast. Folkehelseperspektivet inneber ein strategi der me skal førebygge meir og reparere mindre. Med dei ressursane som ligg i tenesta i dag er det ikkje mogleg å frigjere tid til arbeid tiltenkt folkehelsekoordinator i kommunen.


Årsverk helsestasjon og skulehelsetenesta	2022	2023
Lovpålagte konsultasjonar og oppfylging helsestasjon	0,8	0,8
Lovpålagte konsultasjonar og oppfylging skulehelsetenesta	0,5	0,5
Samarbeidsmøte og trefftid i barnehagar og skular, helsestasjon for ungdom	0,2	0,2
COSP foreldrerettleiing og anna oppfylging	0,1	0,1
Einingsleiar helse	0,125	0,125
<b>Totalt årsverk for Kviteseid</b>	<b>1,725</b>	<b>1,725</b>

Jordmor (interkommunalt samarbeid)	0,2	0,2
------------------------------------	-----	-----

## 7.2 Hovudmål og tiltak

Mål	Tiltak	Resultatindikator/effekt mål	Berekraftsmål
<b>OVERORDNA FELLES HANDLINGSPROGRAM HELSE OG OMSORG</b>			
Sikre gode og føreseielege helse- og omsorgstenester over tid	Utarbeide handlingsplanar i tråd med den strategiske helse- og omsorgsplanen	Ferdige prioriterte handlingsplanar innan 01.05.23. Atterhald om ny organisering	
Betre pårørandeomsorg	Innføre tilbod om faste pårørandesamtaler	Betre samarbeid med pårørande der dei opplever seg sett og høyrd	
Kompetanseheving, kunnskapsspreiing og større fagleg breidde hjå dei tilsette, sikre kunnskapsbasert praksis. Sikre rett kompetanse på rett plass.	Vidareutvikle fagutviklingsnettverket. Den strategiske helse- og omsorgsplanen legg opp til at me skal utarbeide ein strategisk kompetanseplan for helse og omsorg	Fleire felles prosedyrer på plass, felles undervisning og praktisk trening/simulering. Rekruttere og behalde kompetanse. Fagleg tryggleik og meistring hjå tilsette	
Betre og tryggare pasientforløp	Vera med i nettverket "Gode pasientforløp"	Betre samhandling. Vera med på samlingar med «Gode pasientforløp» i 2023, oppgaver mellom samlingane	
Førebyggje og redusere under- og feilernæring	Halde fram med det tverrfaglege ernæringsnettverk i helse og omsorg. Måltidet som ein del av miljøarbeidet	Matglede hjå brukarane våre. Rett ernæring til rett tid i ei trygg ramme Færre underernærte pasientar	
Energisparing	Større fokus på energisparing i einingane	Lågare energiforbruk	
Sikre kvalitet i tenestene og god handtering av avvik	Opplæring i bruk av Compilo, utarbeide felles rutiner og prosedyrer. Opplæring i korleis ein jobbar med avvik	Betre flyt i avvikshandteringa, betre rutiner, færre avvik, trygge tilsette	
Bruke turnus som eit verktøy for å sikre føreseielege tenester, der tilsette sin kompetanse blir bruka mest mogleg effektivt	Starte eit arbeid med årsturnusar	Føreseieleg drift, betre ressursbruk og betre utnytting av tilsette sin kompetanse	
<b>TENESTEKONTOR/KOORDINERANDE EINING</b>			
Betre informasjon til innbyggjarane om tenestene	Arbeide vidare med heimesida	Heimesida skal ha oppdatert informasjon frå tenestekontoret gjennom året	
Tydelegare og strengare kriteriar for tildeling av tenester	Utarbeide kriteriar	Politisk sak om nye kriteriar våren 2023	
Kontinuerleg forbetring av sakshandsamingsprosessane	Evaluerer alle vedtaksmalar årleg. Evaluerer prosedyrar kring vedtaksprosessane	Vedtaksmalar, prosedyrar, kartleggingsverktøy er stadig oppdaterte	

	Utvikle kartleggingsverktøy for støttekontakt, avlastning og omsorgsstønad	
Vera med på intern kompetanseoppbygging	Halde fram arbeidet med intern undervisning og kompetanseoppbygging i fagutviklingsnettverket	Auka kompetanse internt på lovverk og journalføring i Profil
Dokumentere samhandling med einingane i velferdsområdet som koordinerande eining	Utvikle ny møtestruktur i velferdsområdet Betre skriftleg dokumentasjon	Møte med EFF, psykisk helse barn/unge, barnehage og skule ein gong kvar månad. KOS/Heimetenestene kvar veke. Dokumentere i pasientjournal det som er teke opp i møtet
<b>KJØKEN OG VASKERI</b>		
Redusere matsvinn	Jobbe vidare med mengdeberekning og vurdere restebruk i større grad	Mindre matsvinn, betre ressursutnytting
Inkluderande arbeidsplass	Tilby plass for personar med utfordringar i kvardagen	Meiningsfull kvardag og personleg utvikling. Fleire i jobb
Energisparing	Fylle oppvaskkorgene maksimalt. Utnytte steikeomnane best mogeleg. Samkoking/steiking. Plan legge bruken	Betre utnytting av energibruken. Meir effektiv bruk av maskinene og arbeidskraft. Dette gjev ein `viss` økonomisk gevinst
<b>EINING FOR FUNKSJONHEMMA</b>		
Kompetanseheving hos personalet generelt	Delta på fleire relevante kurs og webinar Gjennomfør ABC del 2 for alle som har tatt del 1. Gjennomføre ABC del 1 for nytilsette	Betre kvalitet på tenesta. Meir samkøyrt personale som vil dra same veg

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator/effekt mål</b>	<b>Berekriftsmål</b>
<b>HEIMETENESTA</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kompetanseheving, vedlikehold av kompetanse og lik praksis</li> <li>- Tryggleik i faglege prosedyrar og rett bruk av utstyr</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Årleg fagdag med godkjenning i utvalde sjukepleieprosedyrar og medisinskteknisk utstyr</li> <li>- Leggje til rette for at tilsette gjennomfører kurs og trening jf. kompetanseplanen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle tilsette har deltatt på fagdag og følgjer sjekklista til kompetanseplanen</li> <li>- Auka tryggleik i faglege prosedyrer</li> </ul>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fremje helse og meistring hjå eldre i kommunen</li> <li>- Eldre skal ha moglegheit til å leva aktive og sjølvstendige liv, og skal ha kjennskap til kommunens tilbod innan helse, kultur, idrett og friviljugheit</li> <li>- Kommunen skal få betre oversikt over innbyggjarane sine noverande og framtidige behov</li> <li>- Eldre kan bu lenger heime i eigen heim</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere tilbod om førebyggjande heimebesøk ved å opprette ei stilling til å jobbe med dette</li> <li>- Auke ressursen for servicemedarbeider for hjelpemiddel</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilbodet med førebyggjande heimebesøk har starta opp, og det er gjort erfaringar i høve til kartleggingsområde og kartleggingsverktøy</li> <li>- Ressurs for servicemedarbeider for hjelpemiddel er auka</li> </ul>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Betre førebygging og løysing av kriser hjå skrøpelege/sårbare eldre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Delta i forskningsprosjekt PRACTIC i samarbeid med Sykehuset Innlandet og Forskningscenteret for aldersrelatert funksjonssvikt og sykdom (AFS)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilsette har fått auka kunnskap om kjenneteikn ved kriser og handtering av kriser hjå skrøpelege eldre</li> <li>- Implementert modell/arbeidsmetode for førebygging og handtering av kriser hjå skrøpelege/sårbare eldre</li> </ul>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle innbyggjarar som får ei kreftdiagnose skal få tilbod om systematisk kartlegging og oppfølging</li> <li>- Auka fokus på livskvalitet, god helse og meistring hjå kreftpasientar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innføre "Pakkeforløp heim" for kreftpasientar i tråd med nasjonale føringar</li> <li>- Frigjera tid for kontaktsjukepleiarane for kreftpasientar til å kartleggje og følgje opp fleire kreftpasientar ved å auke sjukepleiarressursen i tenesta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innført "Pakkeforløp heim"</li> <li>- Tilsett sjukepleiarressurs og frigjort tid for kontaktsjukepleiarane</li> </ul>	
<b>KVITSEID OMSORGSSENTER</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>Stabil og føreseieleg drift på KOS for pasientar og tilsette</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Jobbe vidare med turnus, drift og rettferdige ordningar for rekruttering og kompetanse av helsepersonell</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forsvarlege tenester og lågare sjukefråver</li> </ul>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre medbestemming og inkluderande beslutningsprosessar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fortsette med personalmøte, medarbeidersamtalar, medbestemningsmøte,</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>God informasjonsflyt og trygge tilsette, pasientar og pårørande</li> </ul>	

	gruppemøte, Opprette pårørandeutval		
Betre datanettverk på KOS	Fiberutbygging til KOS, og nettverksutbygging på KOS	Betre kapasitet m.a. til velferdsteknologi, og tilgang til nettverk for arbeidsstasjonar og nettverk for bebuarane	
Handtere Covid-19 og andre smittsame sjukdomar på ein forsvarleg måte	Vidareføre beredskaps inndeling i kohortar ved smitte. Dette tyder at me vil ha 29 pasientrom totalt med langtids plassar, korttids plassar og ØHD	Vera organisert og klare til å handtere evt smitteutbrot	
<b>HELSESENTERET</b>			
Me er gode lagspelarar	<p>Vidareutvikle samhandlingsarenaer mellom dei ulike fagområda på helsesenteret, og samarbeid med andre nærkommunar</p> <p>Vidareutvikle samarbeid med skule/oppvekst, felles gruppetilbod i skulen, søke prosjektmidlar til felles stilling for psykisk helse barn/unge?</p> <p>Helsesjukepleiar og fysioterapeut deltek i "Liv og røre" for å fremme fokus på kosthald og matglede, fysisk aktivitet og bevegelses glede, og det psykososiale miljøet i barnehagar</p>	<p>Betre samarbeid kring pasientar/bukarar med ulike tenestebehov</p> <p>Betre samordna tenester Auka fokus på førebygging i tenestene</p> <p>Matglede hos barn, meir fysisk aktivitet</p>	
Me tar i bruk kunnskap og teknologi for ei betre helse	Vidare arbeid oppgradering av nettsider for tenestene. Vidare arbeid med Norse Feedback kartleggingsverktøy i psykisk helse og rustenesta	Betre informasjon til brukare av tenestene. Auka brukarmedverknad i tenestene	
Me rekrutterer, utviklar og beheld kompetent personell	<p>Utarbeide kompetanseplanar for helsesenteret og dei ulike fagområda. Utarbeide strategisk kompetanseplan for helse og omsorg, skule og oppvekst.</p> <p>Vidareutdanning i kognitiv terapi i samband med RPH. Syte for at tenesta drar nytte av kompetanseløft</p> <p>Gjennomgang og kvalitetssikring av interne rutinar og strukturar, compilo</p> <p>Vidareutdanning i sexologi</p>	<p>Auka kompetanse Tilsette som opplever meistring og utvikling i eige arbeid</p> <p>Auka kvalitet, kapasitet og effektivitet i tenesta</p> <p>Gode skriftlege rutinar, trygge tilsette og gode arbeidsflytar.</p>	



		Tidlegare innsats, førebyggjande og helsefremmande arbeid gjennom å oppdage, tillate, utreie, gi aksept, informasjon og råd i forhold til seksuelle problem som kan presenterast innanfor den kommunale helse- og sosialtenesta	
Gjennom medverknad tek innbyggjarane i mot rett teneste til rett tid og i rett mengd	<p>Sikre brukarar si evaluering av tenestetilbod i psykisk helse og rus gjennom bruk av Norse feedback</p> <p>Oppstart KID (kurs i depresjonsmestring) grupper</p> <p>COS P kurstilbod (foreldreveiledningskurs) som eit standardisera tilbod i kommunen</p>	<p>Auka medverknad i tenestene og utvikling av desse</p> <p>Betre ressursbruk og tilgjengelege tenester</p> <p>Foreldre har verktøy til å forstå betre kva for behov barn har, kva for signal dei gjev og kva vi kan gjere for å møte desse behova betre.</p>	

## 8 Samfunnsutvikling og teknisk drift

### 8.1 Budsjettpremiss

Året 2022 så langt har vore spesielt med tanke på det er ein krig i Europa, det er energimangel og det er fortsatt korona i samfunnet. Situasjonen med krig og mangel på energi har ført til ein veldig prisvekst og lang ventetid på diverse varer. Leveringstida kan vera opp til fleire månadar lengre og prisauka er opptil 50 - 100 %. Det gjer at det er utfordrande å halde seg innafor budsjettgrensene som vart lagt for over eit år sidan.

Straumforbruk og pris på elkraft er ein viktig budsjettpremiss. Med eit årleg forbruk på drygt 4 mill. kWh vil svingingane som me har opplevd det siste året gjere budsjettarbeidet utfordrande. Gjennom budsjettåret 2022 har kommunen måtte justera opp budsjettalet fleire gonger på utgiftene til straum.

Den positive effekten med auka straumpris er høgare inntekter til kommunen via konsesjonsavgifter og aksjeutbyte. Kommunestyret har vedtatt at denne ekstra inntekta kan brukast til å dekke kommunens høgare straumutgifter.

Gjennom dei siste tre åra er det gjennomført fleire straumreducerande tiltak. Det har ført til eit mindre forbruk på 18-20% i forhold til perioden 2017-2021. Teknisk eining vil fortsette arbeidet med energieffektivisere og legge til rette for meir eigenproduksjon av el.

Eininga har som mål å legge forholda til rette for personar som ynskjer å flytte til Kviteseid, ha lokalkunnskap om arbeid og bustad for dei som ynskjer å flytte hit og stimulere til bustadbygging og næringsutvikling. Det er sjølvstøtt ein føresetnad å ha eit robust næringsliv, varierte kulturtilbod, valfridom innan bustadmarknaden og god profilering av kommunen for å gjera kommunen attraktiv og for å rekruttere fleire innbyggjarar. Det arbeidet som blir gjort på dette området er difor eit viktig bidrag til å oppretthalde ein livskraftig kommune.

Eininga skal tene alle grupper i samfunnet, og oppgåvene vi utfører er viktige for lokalmiljøet. Oppgåvene er omfattande og er innafor mange fagområder. Oppretthalde trygge og framkomelege vegar, sørge for ein god VA-infrastruktur, sikre gode og funksjonelle bygningar og skape trivelege og attraktive uteområde. Vidare har eininga ansvar for branntenestene og klimaplan/-budsjett/-rekneskap i kommunen.

Eininga har ansvar for 28 kommunale bygg (ca. 20 500 m<sup>2</sup>) der det bur folk arbeidar, besøker eller bur. Det er ein forventning blant brukarane at kommunens bygningsmasse blir vedlikehalde og har ein god standard. Eininga vil bruke egne midlar samt Enova og andre støtteprogram aktivt for å hente midlar til å energieffektivisere og ruste opp dagens bygningsmasse i åra framover.

Innan VA så er det fire vassverk og fire avløpsanlegg samt ca. 45 km med VA-nett med tilhøyrande pumpe- og trykkreduksjonsstasjonar. Med ein lekkasje prosent på 30-40% må dette prioriterast.

Totalt har kommunen 52 km med kommunal veg fordela nokså likt på grus og asfalt og etterslepet på vedlikehald er stort. Administrasjonen har føreslege å legge ned ca. 16 km med kommunale vegar og overføre dei til privat eige. I tillegg vil administrasjonen omorganisere ca. 10 km med kommunale vegar til veglag der private grunneigarar og kommunen er felles eigarar.

## 8.2 Hovudmål og tiltak

### 8.2.1 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen leverar sentrale tenester på svært mange område til innbyggjarane. Heile lokalsamfunnet er avhengig av at den kommunale verksemda går sin gang uavhengig av uhell som skuldast teknisk svikt, menneskeskapte hendingar eller naturkatastrofar. Det er derfor viktig at kommunen har eit planverk som tek høgde for at slike hendingar kan oppstå.

Det siste året med krig og ein spesiell kraftsituasjon viser kor sårbar ein er fordi Kviteseid er ein del av den store verda. Pandemien viste òg at kommunen takla Covid 19 situasjon bra og at kommunen var ein trygg stad å vera i med tanke på smittefare.

Uvissa rundt krigen i Ukraina og utfordringar kring el-produksjonen gjer at ein må ha eit ekstra fokus på beredskapsarbeidet i kommunen.

Det vil ikkje bli noko større øving internt i kommunen i 2023 men mindre øvingar på einingane og utvalte bygg.

Beredskapsarbeidet er omorganisera og ligg nå til kommunedirektøren sin stab.

#### **Handlingsplan 2023:**

**Mål:** *Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt førebudd til å møte uføresette hendingar*

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Nok tilsette som kan bruke krisehandteringsverktøyet CIM</i>	<i>Kurs, opplæring og øvingar</i>	<i>Tal på kurs og personar</i>
<i>Fylgje opp nasjonale råd og tiltak innafor beredskap</i>	<i>Delta på kurs, fagdagar og samlingar</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>
<i>Godt planverk og kunnskap om krisehandtering</i>	<i>Delta på kurs, fagdagar og samlingar</i>	<i>Tal på gjennomførte kurs/samlingar</i>

### 8.2.2 Samfunnsutvikling

Sikker vassforsyning og eit godt fungerande avløpssystem for innbyggjarane og næringslivet er ei av dei viktigaste oppgåvene eininga har. Gamal kommunal VA-infrastruktur av dårleg kvalitet gje

lekkasjar som gje unødig vassforbruk og innlekk i avløpssystemet. Lekkasjar vil gje ekstra kostnader og det kan gje forureining av klima og miljø.

Klimaendringane fører òg med seg ekstra utfordringar for kloakksystemet ved at overvatn renn inn i kummar, sprekte rør og tilkopa dreneringar frå bl.a. takvatn.

Kommunestyret har vedtatt at kommunen skal ha ei meir aktiv rolle innan overtaking og utbygging av VA-infrastruktur for fritidsbustadområder i Vrådal. Kommunestyret har òg vedtatt ein ny saneringsplan for avløp med tanke på å få fleire private avløpsanlegg inn på det kommunale nettet. Eininga har god oversikt og eit planverk som kan ta denne utfordringa.

Ein stor og viktig del av arbeidet er å leggje til rette for næringsetablering og utvikling av eksisterande verksemder i kommunen. Det nye næringsarealet i Brunkeberg vil vera viktig for å få nye etableringar i området. Eininga er med på eit prosjekt med dei etablera bedriftene i Brunkeberg og nye for å bygge opp eit infrastruktursenter innan transport og kompetanse arbeidsplassar på klima og miljø. Kommunen har fått kr 200 000 av klimasatsmidlar til dette prosjektet.

Nye bustadfelt i Vrådal (privat Eidsto brygge) og Kviteseid er etablera i 2021. Fleire private aktørar har konkrete planar om bustadutbygging i Kviteseid sentrum som gjer at kommunen må sørgje for VA tilkopling og eit godt fungerande VA-nett. Det er òg viktig at eksisterande bustadfelt i Brunkeberg og Mørgedal blir marknadsført med tanke på busetting i andre delar av kommunen.

Arbeidet med å tilby attraktive tomter og legge til rette for bustadbygging i Kviteseid vil fortsette i 2023. Det blir arbeid med å finne alternative areal i tillegg det som ligg i kommuneplanen i dag.

Dei kommunale vegane er ein viktig del av infrastrukturen i ein kommune. Klimaendringar og hyppigare ekstremvær gjer at ein må prioritere å heve standard.

### **Handlingsplan 2023:**

**Mål:** *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetting og næringsutvikling.*

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Følgje opp strategisk næringsplan for Kviteseid. Følgje opp samfunns-/arealplan</i>	<i>Vurdere, prioritere og gjennomføre tiltaka i planane</i>	<i>Fleire arbeidsplassar, nye innbyggjarar</i>
<i>Nytt næringsareal i Brunkeberg</i>	<i>Legge til rette for VA og utbetre Ordalsvegen fram til Renovest.</i>	<i>Opparbeid næringsareal</i>

<i>Infrastruktur HUB innan klimavenleg drivstoff og grøne arbeidsplassar</i>	<i>Prosjekt, samarbeid med aktørane, søkje om midlar</i>	<i>Planar for etablering</i>
<i>Plan for nytt bustadområdet</i>	<i>Lage reguleringsplan</i>	<i>Ferdig reguleringsplan</i>
<i>Marknadsføre ledige tomter i kommunen</i>	<i>Sosiale media og heimeside</i>	<i>Sal av tomter</i>
<i>Overtaking av VA-infrastruktur fritidsbustadfelt</i>	<i>Plan for overtaking, kontakt med aktørane, utbyggingsavtalar</i>	<i>Ferdige utbyggingsavtalar, utbygging har starta</i>
<i>Sanering av private avløpsanlegg</i>	<i>Bygge kommunalt VA –nett, krevje tilkopling frå private</i>	<i>Tal på nye abonnementar</i>
<i>VA-infrastruktur som har nok kapasitet og sikker forsyning</i>	<i>Lekkasjesøk, reparere skader, bytte ut gammalt leidningsnett/kummar</i>	<i>Tal på lekkasjar, tal p m utskifting av rør og utskiftingar av materiell</i>
<i>Stoppe etterslep og auke kvaliteten på kommunale vegar</i>	<i>Bytte stikkrenner, grusing, asfalt og andre vedlikehaldsoppgåver. Prioritere bruer i 2023.</i>	<i>Tal på meter standardheving. Tal på rehabilitera bruer.</i>

### 8.2.3 Teknisk drift

Kommunale bygg har fleire funksjonar som både arbeidsplass for egne tilsette, besøks plass, opphaldsplass og utleige. Vestfold og Telemark revisjon IKS sin forvaltningsrevisjon på bygg (2021) viser at kommunen ikkje gjennomfører vedlikehald i samsvar med det som er behovet.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt.

Det interkommunale samarbeidet om brannvesenet i Vest-Telemark er på førebygging og feiing og pengane blir fordelt til vertskommunen. Det vert lagt til grunn at vertskommunane syter for at midlane kjem alle kommunane i samarbeidet til gode.

Det er eit pågåande prosjekt der ein ser på ei anna organisering av beredskapsdelen av brannvesenet. Nye statlege krav om kompetanse og vaktordningar gjer at det blir vanskeleg for den enkelte kommune å klare det aleine.

Arbeidet med saneringsplanen i Vrådal og Kviteseid held fram. Det er viktig at den økonomiske ramma gje rom for å gjere dei naudsynte oppgraderingar samt at ein har eit gebyrnivå som er på snitt i Vest Telemark

Statens Vegvesen har starta arbeid med GS-veg frå Haukom fram til Kviteseid krysset samt nytt Kviteseidkryss. Tildeling av kontrakt er planlagt 23.12.2022 og arbeidet vil starte på nyåret 2023. Kommunen vil nytte høve til å bytte ut VA på same strekninga. Dette vil bli ein del av ei felles kontrakt med Statens Vegvesen og entreprenør.

Kviteseid kommune er ein trafikkisikker kommune og har dei siste åra hatt fokus på Ljossette kommunale vegar og områder for auke trafikktryggleiken. Mykje av kostnadane er dekt av eksterne trafikkisikringsmidlar. I 2023 vil eininga ha fokus på å oppdatere skiltplanen og gjere ferdig skilting.

Tingretten og jordskifteretten har lyst ut konkurranse for kontorplassar/domstol-lokale i Kviteseid fordi den gamle avtala går ut. For kommunen er det viktig at domstolane er i kommunehuset. Arbeidet med å utforme anbudsdokument er i gang. I arbeidet vil ein sjå på heile kommunehuset under eit og lage ein plan for framtidig bruk.

I budsjettet 2023 og økonomiplanen for 2024-2026 ligg det planar for å rehabilitere Kviteseid skule/barnehage og Brunkeberg barnehage.

### Handlingsplan 2023:

**Mål:** *Legge til rette for ein god infrastruktur og gode tenester for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.*

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2023</i>	<i>Planlegge, lyse ut og iverksette prosjekt</i>	<i>Ferdige prosjekt</i>
<i>Gjennomføre vedlikehald på kommunale bygg</i>	<i>Prioritere innan budsjett og nødvendige tiltak</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>
<i>Gjennomføre vedlikehald på kommunale vegar</i>	<i>Prioritere innan budsjett og nødvendige tiltak</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>
<i>Bli dyktigare på å dokumentere avvik og fylgje opp HMS-systemet</i>	<i>Fylgje opp og lukke avvika. Bruke Compilo</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>
<i>Høg kompetanse blant brannmanskaper</i>	<i>Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.</i>	<i>Gjennomførte øvingar og kurs</i>
<i>Trafikkisikre kommunale vegar</i>	<i>Oppdatere skiltplan - skilting</i>	<i>Ferdige tiltak</i>

#### 8.2.4 Digitalisering

Innafor VA så har kommunen satsa mykje på digitalisering dei to siste åra. Investeringa gjer at eininga har ein god overvaking av VA-infrastrukturen og ein får raskt melding ved feil. Det er viktig at systemet blir vedlikehald og at ein gjer dei naudsynte oppdateringane framover.

Eininga ynskjer å bli meir proaktive på lekkasjesøk. Trådløs overvaking som måler trykk og mengde i utvalte kummar samt flyttbart måleutstyr er naudsynt for å kunne lokalisere lekkasjar. Ved å ha dette utstyret kan arbeide meir effektivt og avdekke lekkasjar på eit tidlegare tidspunkt.

Ein opplever at meir og meir teknisk utstyr blir grave ned i bakken og at entreprenørar brukar GPS/digitale program i sine entrepriser. Det er viktig at eininga har kompetansen og utstyret for å kunne fylgje opp sine egne prosjekt på ein profesjonell måte og at det blir dokumentera digitalt for ettertida.

Kommunen har varmestyring på fleire av sine bygningar. Det gjer at ein kan styre temperatur og ventilasjon etter aktiviteten i bygget. Ein bør vurdere å installere styringssystem i fleire bygg for å få ein betre kontroll på straumutgiftene.

For å gje innbyggjarane i kommunen betre service og enklare oversikt over sin eigedom og kommunale tenester bør ein legge til rette for tenesta Min eigedom.

### Handlingsplan 2023

**Mål:** *Sørgje for ha nødvendig eigen digital kompetanse og utstyr for å gjennomføre og fylgje opp prosjekt*

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Ha god og nok kompetanse</i>	<i>Kurs og opplæring frå leverandørar</i>	<i>Gjennomført opplæring</i>
<i>Investere i rett og nok digitale hjelpemiddel</i>	<i>Prioritere innafor budsjett og høgst inntening i kostnadar og spart arbeidstid</i>	<i>Gjennomførte tiltak</i>

#### 8.2.5 Reduksjon av klimaavtrykk

Kommunen deltek i klima- og energinettverket for Vestfold og Telemark. Kommunen har vedtatt ny klimaplan for Vest-Telemark som vil gje føringar i den daglege drifta. Eininga har ansvaret for kommunens klimabudsjett og klimarekneskap og vil fylgje opp ny klimaplan.

Kommunen har i 2022 installert fleire laderar for kommunale tenestebilane på utvalte stadar med hjelp av økonomisk støtte frå klimasatsmidlane. Ein overgang til elektriske tenestebilar vil redusere utsleppet av fossilt drivstoff og klimaavtrykk.

Eininga vil sjå etter batteriløysingar på utstyr som i dag er drive av fossilt drivstoff. I budsjettet er lagt inn robotklypperar i staden for bensindrivne klypparar. Dette vil i tillegg gje ute avdelinga meir tid til anna naudsynt vedlikehald.

Rehabilitering av bygg som bytte av gamle vindaug, etterisolering og straumstyring vil gje direkte mindre energibruk. Ein bør vurdere alternative oppvarmingskjelder som solenergi og meir energieffektive varmpumper i tillegg/i staden for dei vanlege panelomnane. Ved nye bygg og rehabilitering av eksisterande bygg bør det leggest til rette for oppvarming av vassboren varme som kan bruke ulike varmekjelder.

Alle kommunale bygg har dunkar for kjeldesortering. Det er framleis forbetningspotensialet på å sortere avfall i rett fraksjon. Gjenbruk og reperasjon skal vurderast som alternativ i staden for å kjøpe nytt.

Kommunens traktor er 2008 modell og har ikkje den moderne motorteknologien til dagens traktorar. Det vil vera fornuftig å bytte til ny traktor for å redusere utslepp og redusere vedlikehaldskostnadane. Det er ennå ikkje fossilfritt alternativ på marknaden som kan dekke kommunens behov. Kommunen håpar at det er på plass i 2026.



## Handlingsplan 2023

**Mål:** Reduksjon av eigne klimautslepp






<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Rett avfall i rett avfallsdunk</i>	<i>Gode løysingar på kjeldesortering i kommunale bygga</i>	<i>Mindre restavfall</i>
<i>Redusere klimautslepp på eigne bilar og utstyr</i>	<i>Bytte ut pickup, investere i robotklypperar</i>	<i>Mindre forbruk av fossilt drivstoff</i>
<i>Senke energiforbruket i kommunale bygg</i>	<i>Energieffektivisere Kviteseidhallen. Vurdere fleire bygg på varmestyringsssystem.</i>	<i>Lågare forbruk kWh EL</i>
<i>Redusere kommunens klimaavtrykk</i>	<i>Fylgje opp klimaplanen for Vest Telemark</i>	<i>Kommunens klimarekneskap</i>

## 8.3 Berekraftsmål

Som ein støttefunksjon til dei andre einingane vil samfunnsutvikling og teknisk drift vera i kontakt med dei fleste berekraftsmåla. Eininga har lagt vekk på nokre færre berekraftsmål som ein vil jobbe ekstra for å etterleve.

 <p><b>6</b> REINT VATN OG GODE SANITÆRFØRHOLD</p>	Målet er å levere VA tenester av høg kvalitet og gjennomføre investeringar og vedlikehald som er langsiktige. Ved å ta ei aktiv rolle ved utbyggingar kan kommunen ta ansvaret for sikre kvaliteten. Ved å redusere lekkasjar vil det vera med å sikre nok vatn til alle.
 <p><b>7</b> REIN ENERGI TIL ALLE</p>	EL- kraft er dominerande energikjelde i dei kommunale bygga. Ved å satse på lokale fossilfrie energikjelder som solkraft, varmepumper, bioenergi og grunnvarme til dei kommunale bygga vil ein bli meir sjølvforsynt og frigje rein el-kraft til andre formål. Via planverket kan ein legge føringar til at utbyggjarar og private må tenke på alternative energikjelder.



<p><b>9</b> INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p> 	<p>Kvalitet på kommunens infrastruktur vil gje innbyggjarar og næringslivet tryggleik og betre livskvalitet. Kommunen kan vera ein pådrivar på teknologisk og berekraftig utvikling ved å stille krav til leverandørar ved innkjøp.</p>
<p><b>11</b> BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN</p> 	<p>Kommunens planar legg føringar for utvikling av Kviteseid lokalt men planane vil òg påverke regionale forhold. Eininga for samfunnsutvikling og teknisk drift vil vera ein viktig pådrivar og støttespelar i utvikling av lokalsamfunna.</p>
<p><b>12</b> ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON</p> 	<p>Eit viktig tiltak for eininga og kommunen generelt er sirkulærøkonomi. Spørsmåla ein må stille seg er om ein må kjøpe nytt eller om ein kan reperare det eventuelt kjøpe brukt. Vel ein å kjøpe nytt bør ein tenke på kvalitet, lang levetid og klimavenleg materiale. Gjenbruk er viktig for å produsere mindre avfall.</p>
<p><b>13</b> STOPPE KLIMAENDRINGANE</p> 	<p>Eininga vil fylgje opp nasjonale målsettingar og kommunens klimaplan. Bruk av klimabudsjett og –rekneskap vil vera nyttig verktøy i dette arbeidet.</p>
<p><b>17</b> SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p> 	<p>Eininga ser det som nødvendig å samarbeide og vil både delta og ta initiativ til samarbeidsprosjekt. Det kan vera lokalt i kommunen eller innafor regionen.</p>

## 9 Barnevern

Barnevernstenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at barn og unge får gode og trygge oppvekstkår.

Vi skal sikre forsvarleg tjenester, rettstryggleik, brukarmedverknad og profesjonell saksbehandling.

### 9.1 Budsjettpremiss

-Årsverk 15





-Meldingar 2020: 39

-Undersøkingar 2020: 22

-Barn/ungdom med hjelpetiltak 2020: 20

-I tillegg har Kviteseid kommune nokon barn og ungdom med omsorgstiltak. (Talet er ikkje offentleg i statestikk som følgje av små for hold i kommunen og fare for gjenkjenning.

### 9.2 Hovudmål og tiltak

<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>	<b>Berekriftsmål</b>
Oppfylle lova sitt krav om å gje ei forsvarleg teneste til barn og unge og familiane deira			
Økt treffsikkerhet ved undersøkelser	Implementere bruk av fokusverktøy «trekanten» Kontrollsjema for undersøking verdt nytta Gjennomfører egentilsyn tre gonger pr. år	95% av undersøkingane innan 3 mnd. Barna/ungdommane får rett tiltak Vedtak og undersøkingar er ferdige innan frist	 
Auka kunnskap på fosterhjemsområde	Opplæring i veiledningsmetodikk knyttet til fosterhjemsarbeid	Alle nye fosterheimar i regionen får tilbod om veiledning	 

Barn og foreldre skal ha tilstrekkelig innsyn og gis mulighet til medverknad i eiga sak	Dokumentasjon gjøres tilgjengelig for barn og foreldre; referater, brev, rapporter m.m. Vi har gjenforening - planar i alle saker der gjenforening er målet	Barn og familiar får rett tiltak til rett tid.	
Kompetanseutvikling; tilsette søke kunnskap i linje i organisasjonen	Fagdager, refleksjonsgrupper, lederstøtte og individuell veiledning	Medarbeidere hentar kompetanse fra kollegar og som bestiller støtte fra ledergruppa ved behov	

## 10 NAV

Det er mykje usikkerhet i marknaden nå og signal for 2023 er at vi kan forvente auke i arbeidsløysa som fylgje av auka straumprisar, høge drivstoff prisar ,auka rentenivå osv. Alle desse faktorane kan påverke sysselsettinga og vi må forvente auke i arbeidsløysa .Det vil og bli større etterspørsel etter NAV tenester i den samanheng . Vi er nå 26 fast tilsette og to prosjektmedarbeiderar.

### Utfordringar i 2023

NAV Vest-Telemark gjennomfører arbeidsmarkedspolitikken i tråd med sentrale føringar og nyttar kommunale og statlege tiltak for å få fleire i arbeid og aktivitet.

Vi ser og for oss at vi får eit auka trykk på tenester til flyktningar. Alle kommunane har tatt i mot mange og skal ta imot fleire som etter kvart vil bli arbeidsøkerar. Det vil og føre til auka utgifter til økonomisk sosialhjelp og KVP for kommunane. Det vil krevje tett oppfølging frå NAV for å få dei i utdanning/arbeid. Vi har eit prosjekt som er inne i 2.året nå «God nok tilknytning til arbeid»

Det er ei aukande gjeldsbyrde blant folk og talet på dei som har trong for gjeldsrådgjevingstenester stig. Vest –Telemark har ei 60% stilling til denne tenesta . NAV Vest-Telemark har fått prosjektmidlar av statsforvaltaren for å styrke denne tenesta . Det er tilsett ein i 100% stilling og prosjektet kan vare i inntil 3 år.

NAV har heile tida kompetanse på dagsorden og fokus i 2023 er veiledningskompetanse, markedskompetanse og kompetanse leiing .